

REFERAT

**Møte fagråd for pleie og omsorgstenestene i Nordhordland**

**Tid:** 29.04.2016, kl 9.30 – 12.45

**Stad:** kjellar Nordhordland legevakt

**Desse møtte:** Cecelie Rullestad, Benthe Helland, Simon Grandahl, Elin Eikemo, Britt Romarheim, Heinz Diehl, Randi Minde, Monika Kvamme, Johnny Brattetaule, Nina Kvamme. Forfall: Margrethe Kvamme

1. Grunna mange nye aktørar informerer Johnny om bakgrunn for oppretting av fagrådet. Det vart starta i 2009, og hadde følgjande mandat: ***Interkommunalt fagråd for pleie- og omsorg skal vera eit sjukepleiefagleg organ for kommunane i Nordhordland***

Fagrådet skulle arbeide med følgjande saker

- Utvikling av felles prosjekt i regionen
- Samarbeid og utvikling av kompetanse
- Når helseutvalet ber om det vere høyringsorgan i saker som omhandlar pleie og omsorgssektoren
- Fremme interkommunal samhandling
- Når helseutvalet ber om det – delta i felles utviklingsprosjekt med helseforetaket
- Vere eit likeverdig organ i forhold til andre råd innan helse og pleie
- *desse punkta var med frå oppstart, men gjekk på eit tidspunkt ut (etter innføring av kommunalsjefmodell??):* kontakt og samhandling med helseforetaket, representere fagrådet i ulike prosjekt i regi av regionrådet, delta i prosjekt i regi av kommunane

Fagrådet var i oppstarten ein aktiv aktør innan desse felta. Etter kvart opplevde fagrådet ei endring i funksjon, det vart meldt lite saker, fekk heller ikkje saker til høyring. Fagrådet vart meir eit nettverk og forum for erfaringsutveksling. Siste møte i vart avhalde i 2014.

Kommunalsjefgruppa i Nordhordland har no retta ein formell førespurnad til fagrådet, via Grethe Fosse fungerande kommunalsjef 20% i Radøy. Dei ser behov for eit fungerande fagråd, dette for å sikre informasjonsflyt og utvikle regionen.

**Diskusjon i fagrådet om kva fagrådet skal vere:** Fagrådet bør vere ein viktig aktør i regional utvikling. Vi bør ha konkrete oppgåver, med ein agenda når vi samlast, slik at vi ikkje bli ei prategruppe. Vi må utforme konkrete mål for arbeidet. Vi må ha tett kontakt med kommunalsjefgruppa for å vere orientert. Det er viktig at vi lagar vår eigen agenda, og ikkje berre agerer på bestilling frå kommunalsjefgruppa. Vi vil profittere på samarbeid på tvers av kommunane, da vi i dag arbeider med mykje av dei same prosjekta og fokusområda, men utan å vite om kvarandre. Oppgåvene vi arbeider med i fellesskap må vere forankra i satsingsområder både nasjonalt og lokalt. Nettverket har uavhengig av oppgåver tildelt frå andre, ein sjølvstendig verdi for oss som deltek.

2. Fagrådet har motteke ei sak frå Anne Hildegunn Færøy, samhandlingskoordinator i Nordhordland utviklingsselskap IKS, sjå vedlegg. Det gjeld representasjon i ei arbeidsgruppe saman med Haraldsplass diakonale sjukehus og Bergen kommune, om planlegging og gjennomføring av rehabiliteringsdagar ved Haraldsplass i 2017.

Cecelie Rullestad representerer fagrådet i arbeidsgruppa, Johnny melder tilbake til Anne Hildegunn.

Innspel Cecelie tar med frå fagrådet:

- alle kommunane strever med å få fokus på rehabilitering
  - samhandling rundt utskrivning til kommunane
  - veiledningsplikten spesialisthelsetenesta har overfor kommunane (jf samarbeidsavtale)
  - korleis nå fleire tilsette med kurs, arrangement også i distrikta
  - fysioterapivurdering ved utskrivning, e-melding også her
- Cecelie melder fagrådet når ho veit kortid første møtet blir.

3. organisering av fagrådet vidare:

Leiar: Johnny Brattetaule ut mai 2017

Referent same periode: Heinz Diehl

Matansvarleg same periode: Lindås (evt den kommunen møtet blir halde)

4. div kurs:

a. obs krav til kurs i bruk av elektriske senger og heisar i heimetenesta (hjelpemiddel gjennom NAV). Der er e-læringskurs som gir kursbevis, sjå [www.kunnskapsbanken.net](http://www.kunnskapsbanken.net). Då har tenesta godkjente rekvirentar og opplæringskyndige tilsette. Radøy nyttar dette kurset til alle tilsette i heimetenesta, mens Lindås og Osterøy kun har gitt rekvirentane og dei som er peika ut til å gi opplæring dette.

b. medisinkurs: erfaringsutveksling. Fleire kommunar har tatt i bruk e-læringskurs, Fedje Masfjorden, Meland, Osterøy skal ta i bruk i 2016. Ulike leverandørar. Kostar ca 300 per lisens(per brukar per år, ubrukte lisensar kan overførast til neste år). Gir også tilgang til andre kurs i lisensperioden. Medisinkurs tar 10-12 timar, må sikre lokal opplæring.

5. aktuelle tema for møter i fagrådet:

- dagtilbod
- kvardagsrehabilitering
- velferdsteknologi
- utarbeiding overordna turnusprotokoll
- korleis sikre godt samarbeid med dei tillitsvalde

6. Johnny ber om skriftleg mandat frå kommunalsjefsgruppa.

7. Kopi av referat går også til kommunalsjefgruppa. (ein ide å også sende innkalling med kopi til dei, om dei har noko dei ønskjer at vi skal ta opp i møte?)

Neste møte: fredag 27.mai kl 8.45 – 12.00 Det blir lunsj frå kl 12.

Ref

Nina Kvamme